

123 PAS D'ESPAGNE

M.M. ♩ ≈ 144-160

The musical score is written in G major (one sharp) and 3/4 time. It consists of ten staves of music. The tempo is marked as M.M. ♩ ≈ 144-160. The key signature is G major. The score includes various chords and articulations:

- Staff 1: Chords D and A7. Measures 1-5.
- Staff 2: Chords D and G. Measures 6-11.
- Staff 3: Chords A7, D, and V V. Measures 12-17.
- Staff 4: Chords A7 and D. Measures 18-23.
- Staff 5: Chords G and A7. Measures 24-29.
- Staff 6: Chords D, (A7), Dm, and A7. Measures 30-35.
- Staff 7: Chords Dm, A7, and D. Measures 36-40. Includes first and second endings.
- Staff 8: Chords A7, D, and A7. Measures 41-45.
- Staff 9: Chords D, A7, and D. Measures 46-51.
- Staff 10: Chords A7 and D. Measures 52-56.

PAS D'ESPAGNE

frå Oslo

(Notar bak i boka.)

- OPPSTILLING Parvis etter kvarandre i ring mot sola med det lette taket. Gut og jente vender mot kvarandre og retter armene dei held saman med, ned og ut til sida.
- TAK For ledig hand: Guten held lågt hoftefeste, jenta held i stakken.
- STEG Sidesteg i valsetakt (SS) (sjå nedanfor), sluttsteg (2 sviktar) og stoppesteg (Ss).

TUR I

Takt 1-2
Takt 3-4

Snu rygg mot rygg - hoppsteg og sluttsteg i motsols lei

1 sidesteg og sluttsteg i medsols lei

Guten set V og jenta H foten til sides i motsols lei og gjer eit lett hopp (S^hs) (sjå rytmeskisse under notane), samstundes som dei snur seg frå kvarandre slik at dei kjem rygg mot rygg. I det same dei snur, svingar dei armene dei held saman med, i ein boge i same lei, ned og høgt opp utan å sleppa taket.

Så trør dei eit sluttsteg vidare i same lei og deretter 1 sidesteg og sluttsteg i medsols lei. Då dansar gut og jente heile tida rygg mot rygg.

Takt 5-6
Takt 7-8

Snu mot kvarandre - hoppsteg og sluttsteg i motsols lei

1 sidesteg og sluttsteg i medsols lei

Guten set H og jenta V foten til sides i motsols lei og gjer eit lett hopp (S^hs), samstundes som dei snur seg mot kvarandre. I det same dei snur, svingar dei armene i ein boge ned og ut til sida. Så trør dei eit sluttsteg vidare i same lei og deretter 1 sidesteg og sluttsteg i medsols lei. No dansar gut og jente vende mot kvarandre.

Både gut og jente held ledig hand fest gjennom heile turen.

Takt 9-16

Dans tur I opp att.

TUR II

Takt 17-18
Takt 19-20

I motsols lei - hald i begge hendene - 2 sidesteg

Jenta under armen - 1 sidesteg og sluttsteg

Gut og jente tek saman med begge hendene og held armene godt ut til sides. Dei lyfter armene som peikar i motsols lei, høgt, men held armene som peikar andre leia, lågt. Med denne kroppsføringa dansar dei 2 sidesteg i motsols lei. Så slepper dei taket med hendene som dei heldt lågt, og jenta svingar rundt ein gong med sola under v. armen til guten. Jenta brukar 1 sidesteg og sluttsteg til å koma rundt. Guten trør same stega om lag på staden.

Takt 21-22
Takt 23-24

I medsols lei - hald i begge hendene - 2 sidesteg

Guten under armen - 1 sidesteg og sluttsteg

Gut og jente tek saman med begge hendene att og held armene godt ut til sides, men no lyfter dei armene som peikar i medsols lei, høgt, og held dei andre lågt. Med denne kroppsføringa dansar dei 2 sidesteg i medsols lei. Så slepper dei taket

med hendene som dei heldt lågt, og guten svingar rundt ein gong med sola under v. armen til jenta. Guten brukar 1 sidesteg og sluttsteg til å koma rundt. Jenta trør same stega om lag på staden.

Takt 25-32 **Dans tur II opp att.**

TUR III

Takt 33-36 **Gut og jente byter plass - 4 stoppesteg**
Takt 37-40 **Gut og jente figurerer på staden - 4 stoppesteg**

Guten og jenta slepper kvarandre, og guten fester v. handa, jenta begge hendene. Dei tek til med V foten, vik av til venstre for kvarandre og byter plass på 4 stoppesteg: Dei vender halvt mot kvarandre på dei fyrste stega. På 4. steget snur dei frå kvarandre 1/2 gong rundt mot venstre, slik at dei kjem andlet til andlet att. Så figurerer dei mot kvarandre med 4 stoppesteg på staden. Dei snur litt til venstre på fyrste steget, litt til høgre på det andre, osb.

Takt 33-36 **Dans opp att:**
Takt 37-40 **Gut og jente byter plass - 4 stoppesteg**
Gut og jente figurerer på staden - 4 stoppesteg

Denne gongen kjem gut og jente attende til kvar sin plass og figurerer der.

Tur III kan varierast ved at både gut og jente i staden for å festa hendene lyfter dei høgt og knipsar i fingrane for kvart steg, både når dei byter plass og når dei figurerer. Når dei byter plass, held dei v. handa noko over pannehøgde og h. handa noko under akslehøgde. Når dei figurerer, lyfter dei h. handa høgast når dei trør på V foten og v. handa høgast når dei trør på H foten.

Tur III dansar dei berre ein gong.

TUR IV

Takt 41-42 **I motsols lei - gut og jente rundt kvar for seg - 2 sidesteg**
Takt 43-44 **Ta saman med handa som peikar i motsols lei - 1 sidesteg og sluttsteg**

Gut og jente tek det lette taket når denne turen startar for å gje kvarandre fart. Dei slepper att mest med det same.

Guten tek til med V foten, jenta med H, og dei svingar rundt ein gong frå kvarandre på 2 sidesteg: Guten svingar mot sola, jenta med. Dei flytter seg samstundes i motsols lei langs ringen.

Så tek dei saman med hendene som peikar i motsols lei, lyfter dei høgt, fester hendene som vart ledige, og dansar 1 sidesteg og sluttsteg i den leia.

Takt 45-46 **I medsols lei - gut og jente rundt kvar for seg - 2 sidesteg**
Takt 47-48 **Ta saman med handa som peikar i medsols lei - 1 sidesteg og sluttsteg**

Guten tek til med H foten, jenta med V, og dei svingar rundt ein gong frå kvarandre på 2 sidesteg: Guten svingar med sola, jenta mot. Dei gjev kvarandre fart og slepper taket i det same dei snur, og flytter seg i medsols lei langs ringen under snuinga.



Gut og jente snur og kjem rygg mot rygg.



Gut og jente dansar forbi kvarandre og byter plass.

Så tek dei saman med hendene som peikar i medsols lei, lyfter dei høgt, fester hendene som vart ledige, og dansar 1 sidesteg og sluttsteg i den leia. Også denne turen kan ein variera ved å knipsa i fingrane i staden for å halda saman.

Takt 49-56

Dans opp att tur IV.

Sidesteg i valsetakt
SS

Me trør til sides med V foten og dreg H foten etter på strekkinga, slik at han glid langs golvet med strekt rist. Deretter trør me på H foten ved sida av V. Neste steg tek også til med V foten. Steget kan dansast med motsett fot.

OPPLYSNINGAR



Som folkedans har denne dansen berre vore prenta i DDDM, og Klara Semb skriv i føreordet for turdansane: «... har eg skrive ned «Pas d'Espagne», såleis som han vart dansa i Oslo, og med dei frie brigde som vart nytta i dei to siste turane. Dansen er opphavleg ein andalusisk bondedans, og var den siste turdansen som kom hit til landet (fyrst på nittenhundretalet). «Pas d'Espagne» fekk ulik utforming i dei ymse nordiske land, og vart i beste tyding folkedans. Musikken vart prenta i 19 opplag, og det er truleg mange som enno minnest den gilde dansen.»

I Klara Semb-samlinga finn me eit notetrykk gjeve ut av Oluf Byes Musikforlag i Kristiania, 19de Oplag. På baksida av noten er det ei dansenedteikning. Utgreiinga er ikkje så grundig som Klara Semb si nedteikning, og noko annleis: Mellom anna manglar fjerde turen. Det Klara Semb skriv om frie brigde tyder klårt på at fjerde turen, som ikkje finst på notetrykket, kan ha utvikla seg i Oslo.



På notetrykket står A. Zarmann som komponist. Musikken har 4 ulike delar: 1) Eit fyrste motiv, 2) fyrste motivet spela ein oktav høgare, 3) eit mollmotiv og 4) ein trio. I notetrykket er det med teikn gjeve ei heller komplisert oppbygging av heile musikkstykket. Det skal spelast: del 1-2-3-2-4-2. I danserettleiinga har Klara Semb sett bort frå teikna og sett opp melodien rett fram: del 1-2-3-4. Det er sjølvsgagt ein grei, enkel måte å spela melodien på, som jamvel dansemusikarane i Oslo kan ha brukt før Klara Semb, og som i alle fall høver godt saman med ein ny fjerde tur.

I NF-tu har me valt å skriva melodien som Klara Semb, og har teke ut teikna som gjev den andre oppbygginga. Det er ei anna løysing som er like god: Trio er eit mellomspele, og det er vanleg at fyrste del så kjem att som avslutning. Ved å utelata del 2, som eigentleg berre er ei gjentakning, og spela 1-3-4-1 får ein til dette.